

**Fra:** Marthe Hammer (Marthe.Hammer@vlfk.no)

**Sendt:** 18.03.2021 10:00:02

**Til:** Politisk

**Kopi:**

**Emne:** Spørsmål SAMO - Kollektivsatsar - nasjonale standardar

**Vedlegg:**

Spørsmål til samferdsledirektøren – Utval for samferdsle og mobilitet 23.03.21

Nasjonale standardar kollektivprisar- rabattar og aldersgrenser

I mange saker som gjeld buss og bybaneprisar så vert det vist til nasjonal praksis når det kjem til praksis på rabattar og aldersgrenser for kollektivprisar.

I Spørsmål og svar arbeidsdokument 6 og 7/19 står det at det både eksisterer nokre nasjonale føringar gitt frå samferdsledepartementet, samt at ein forsøker å etterleve og etablere kundekategoriar og praksis i samsvar med etablert bransjepraksis og med sikte på nasjonal harmonisering.

I arbeidsdokumentet står det at nasjonale føringar frå samferdsledepartementet gjeld minst 50% rabatt for barn honnør og militær, 40% rabatt for studentar på periodekort, og ungdomskort 16-19 år.

I arbeidsdokument 8/19 som argumentasjon for å senke aldersgrensen frå 32 til 30 for studentar vert det mellom anna vist til standardisering av rabattordningar i høve nasjonal standard.

Spørsmål:

- Kvar i samferdsledepartementet vert vedtak knytt til nasjonale føringar tatt? Ligg dette i nokre politiske dokument lagt fram for stortinget, eller vert dette vedtatt av regjeringa og den til einkvar sittande samferdsleminister?
- Kva/kven avgjer at noko er ein nasjonal bransjepraksis/ og eller ein nasjonal standard, og kva forum avgjer kva som vert ein nasjonal bransjepraksis/nasjonal standard? Og kven sit i dette organet/forum?
- Kva er prisen på å fjerne aldersgrensa for studentar på periodekort? Er det nokre kollektivselskap som har gjort det? Kva erfaringar har ein med det, til dømes auke i solgte studentperiodekort?

Med vennleg helsing

Marthe Hammer

Gruppeleiar for SV i Vestland Fylkesting

Nestleiar utval for samferdsle og mobilitet, og medlem av fylkesutvalet

Tlf: 97672203